

ÅRSMELDING 2017 FOR SOGN OG FJORDANE UNGDOMSLAG

Styret i 2017:

Hildegunn R. Gjelsvik	Eikås UL	Leiar	På val i 2018
Knut Bøyum	Fjærland UL	Nestleiar	På val i 2019
Jorunn Sundal	Kyrkjebø UL	Økonomi	På val i 2019
Astrid H. Bolstad	Leikanger UL	Skrivar	På val i 2018
Inge Masdal	Førde UL	Styremedlem	På val i 2018
Olav Skjerdal	Kyrkjebø UL	1.vara	På val i 2018
Anne Tykhelle	Bygstad UL	2. vara	På val i 2018
Arve Slettenes	Fjelli UL	3. vara	På val i 2018

Styremøte

Styret har gjennomført seks styremøte med personleg oppmøte i løpet av 2017. Styremøta har vore haldne på Skei. I tillegg har det vore hyppig kontakt på telefon, SMS og e-post mellom styremøta.

I samband med tilsetjing av Christoffer Knagenhjelm som rådgjevar i Sogn og Fjordane Ungdomslag, vedtok styret at dei ville prioritere at Knagenhjelm møter i styret. Han har delteke på tre styremøte etter tilsetjinga i mai.

Representasjon og viktige saker

På årsmøtet i 2016 vart det fatta vedtak om å tilsetje ein person som rådgjevar for kulturbygg. Stillinga vart fastsett til 50 %, med 40 % i Huset i bygda og 10 % i Sogn og Fjordane Ungdomslag.

Etter brei utlysing, både i aviser og sosiale media, vart tre kandidatar kalla inn til samtale. Etter samla vurdering vart Christoffer Knagenhjelm tilbudd stillinga, som han takka ja til. Knagenhjelm har vore tilsett sidan månadsskiftet mai/juni 2017.

Sogn og Fjordane Ungdomslag vil takke Ingunn Nyheim for det gode arbeidet med Huset i bygda.

Huset i bygda

SOFUL sin representant i Huset i bygda er Hildegunn Gjelsvik.

Styret viser elles til eigen årsmelding for Huset i Bygda.

Medie- og politisk arbeid

Prioritert oppgave i 2017 har vore å få etablert ny nettstad. Den gamle sida hadde ikkje vore oppdatert sidan 2014. Det var heller ikkje mogleg å oppdatere den. Sogn og Fjordane Ungdomslag har kjøpt domenet www.soful.no. Ny nettside vart opna i hausten 2017. Sida vil bli brukt som generell informasjonskanal, samt at pressemeldingar, årsmøtedokument osv. vil vere tilgjengeleg på denne sida.

Frå 2017 er Sogn og Fjordane Ungdomslag òg på Facebook, under <https://www.facebook.com/SOFUL/>.

Det var òg brukt mykje tid og ressursar på politisk påverking under behandlinga av statsbudsjettet for 2018. Forslaga til regjeringa om kutt i støtte til frivillig kultursektor ville òg ramme våre aktivitetar og samarbeidspartnarar i fylket. Christoffer Knagenhjelm hadde møte med stortingsbenken i Sogn og Fjordane, avisinnlegg og det vart sendt ut pressemeldinga. Saka vart godt dekkja av lokalmedia i fylket.



Figur 1. Faksimile, Sogn Avis, avisoppslag om statsbudsjettet for 2018

Studieforbundet kultur og tradisjon

Inge Masdal er SOFUL sin representant. Knut Bøyum er vara.

Kystmuseet

Jorunn Sunndal er SOFUL sin representant i Kystmuseet, med Inge Masdal som vara.

Landsmøte og Landsrådsmøte

Inge Masdal og Jorunn Sundal deltok på Landsmøtet 9-10. april i Oslo

Inge Masdal deltok også på Landsrådsmøtet 7. - 9. november i Lillehammer.

Jol i Sogn og Jol i Sunnfjord

Nemnda for Jol i Sogn har i 2016 vore Jorunn Sundal, Olaf Skjerdal, Stine Kyrkjebø Johansen og Tordis Skjerdal Rauboti.

Av innhaldet i Jol Sogn kan ein mellom anna nemne:

- Barndoms jul i Skjerdal
- Massnes Villmarksmuseum
- Den siste bjørnejakta på strendene i Vik
- Fargerike sogningar- Åge Avedal og Rasmus Mo
- Kong Sverre i Sogn
- Børatoget var fast følgesvein

Jol i Sunnfjord vart lagt ned i 2014, etter at Sunnfjord Museum informerte om at dei ikkje kunne ta redaksjonelt ansvar for bladet.

Årsmøte i Sogn og Fjordane Ungdomslag 4. mars 2017



Styret har diskutert mogleighetene for å reetablere Jol i Sunnfjord og har vedtatt at i 2018 vil ein forsøke å sette saman ny redaksjon med sikte på få utgitt bladet på nytt.

Julesonghefte

Styret har òg tatt opp att arbeidet med å utgje julesongbok med songar på nynorsk. Arbeidet vart starta i 2000, av ulike årsaker stoppa arbeidet opp. Styret tek sikte på å utgje songboka hausten/vinteren 2018.

Bornestemne

20. - 21. Oktober arrangerte Sogn og Fjordane Ungdomslag, Fjærland Ungdomslag og Eikås ungdomslag bornestemne i Fjærland. Det var om lag 20 deltakarar og det vart dansa både bananskrell/Skotsk reel, Snuspolka, Håkons Skål og Trollgubben Lurvelegg. Stemnet vart avslutta med danseoppvising for føresette.



Figur 2. Bornestemne i Fjærland

Teater for born og vaksne

Ungdomslaget i Sogn og Fjordane fekk i på slutten av året førespurnad om samarbeid med Frilynt Norge og Teateralliansen om improteater for born og ungdom mellom 13-18. Ungdomslaget vil arbeide vidare med dette i 2018, mellom anna ved å arrangere ulike teaterkurs og instruktørkurs. Dette vil inngå som søknad til fylket om kulturmidlar for 2018.

Aktivitetsprisen

Aktivitetsprisen vart tildelt Lavikdal UL.

Representasjon

Representant frå styret var til stades på premiefest for Folkepedia på Fjelli med blommar og helsing, 26.11.2017. Jorun Sundal har vore til stades på årsmøtet til Kystmuseet. Inge Masdal var på årsmøte til Kultur og tradisjon i Sogn og Fjordane.

Årsmøte i Sogn og Fjordane Ungdomslag 4. mars 2017



Anna arbeid

I samband med ny regional plan for kultur for Sogn og Fjordane var vi til stades på innspelskonferanse. Her løfta vi spesielt fram nynorsk og Huset i bygda og dei lokale kulturbygga. Vi sendte òg inn høyringsinnspel i samband med utarbeiding av planen. Høyringsinnspelet ligg på www.soful.no.

Vi var òg invitert til innspelskonferanse om ny nasjonal kulturmelding i Førde. Her tok vi spesielt opp at meldinga bør ta ein gjennomgang av fordeling av tippemidlane, og korleis kutta til lokale kulturbygg kan reverserast. Vi trakk og fram behovet for føreseielege rammar og barne og ungdomsarbeid.

Sogn og Fjordane Ungdomslag har òg fått endra reglane om aldersgrensa til Kven veit? Tidlegare var aldersgrensa til deltakarane i Junior Kven veit? 14 år. No kan laga søke om dispensasjon for inntil 2 deltakarar opp til 16 år.

Økonomi

Rekneskapen for 2017 viser eit negativt resultat på - 21 643,54 kr.

Vi viser elles til eiga punkt i årsmøtet, Rekneskap og balanse 2017.

Oversikt over lokallag, status og aktivitet

UL	Medlemstal	Under 26	Status
Balestrand UL	35	19	aktiv
	43	7	aktiv
Dale UL	8	3	aktiv
Eikefjord UL	0	0	aktiv
Eikås UL	27	12	aktiv
Fjelli UL	92	52	aktiv
Fjærland UL	127	66	aktiv
Flekke UL	37	1	aktiv
Framhug UL	06	6	aktiv
Fresvik UL	3	2	aktiv
Førde UL	82	3	aktiv
Gaupne UL	5	0	aktiv
Gjesdal UI	15	1	aktiv
Haugen UL	0	0	aktiv
Heimhug UI	16	6	aktiv
Holmedal UI	28	19	aktiv
Hyen UL	39	11	aktiv
Høyanger UI	0	0	aktiv
Indre Hornindal UL	19	8	aktiv
Kyrkjebø UL	42	11	aktiv
Lavikdal UL	43	13	aktiv
Leikanger UL	96	90	aktiv
Luster UL	75	21	aktiv
Lærdal UL	0	0	aktiv

Årsmøte i Sogn og Fjordane Ungdomslag 4. mars 2017



Markane UL	131	38	aktiv
Maurstad UL	0	0	aktiv
Naustdal UL	8	0	aktiv
Nesse UL	0	0	aktiv
Olden UL	70	24	aktiv
Oppstryn UL	78	32	aktiv
Rand UL	17	10	aktiv
Solund UL	26	20	aktiv
Stadlandet UL	47	32	aktiv
Straumsnes UL	25	3	aktiv
Stryn UL	14	2	aktiv
Ul Framover	12	0	aktiv
Undredal UL	28	7	aktiv
Vik UL	0	0	aktiv
Blakset UL	0	0	inaktiv
Bøfjord UL	0	0	inaktiv
Hornindal UL	0	0	inaktiv
Nordbygda UL	0	0	inaktiv
UL Havdur	0	0	inaktiv
UL Klovningen	0	0	inaktiv
Vårbod UL	0	0	inaktiv
Ålhus UL og Grendalag	0	0	inaktiv
Totalt	1265	497	54/26 (aktiv/inaktiv)

Tabell 1. Oversikt over aktive og inaktive lokallag, samt medlemstal.

Studieaktivitet

Sjå tabell 2 for oversikt over utbetalte studiemidlar frå studieforbundet Kultur og tradisjon i 2017. Styret registrerer at det dei siste åra ar det vore auke i samla tilskot, frå 100 500,- i 2015 til 111 315,- i 2017.

Sogn og Fjordane	Planlagde		Gjennomførde			
	Kurs	Timar	Kurs	Timar	Delt.	Tilskot
Lavikdal UL	0	0	9	225	43	15 930
Dale UL	0	0	2	56	18	5 040
Kyrkjebø UL	0	0	3	73	37	6 130
Stadlandet UL	0	0	4	62	26	5 580
Førde UL	0	0	9	295	132	26 615
Naustdal UL	0	0	2	54	16	4 860
Gloppen Dansarlag (Leikarringen i Gloppen)	0	0	1	23	17	2 070
Bygstad UL	0	0	10	670	74	43 020
Markane UL	0	0	1	23	5	2 070
Totalt: Sogn og Fjordane	0	0	41	1 481	368	111 315

Tabell 2. Oversikt over studieaktivitet og utbetalte studiemidlar frå studieforbundet Kultur og tradisjon i 2017